



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
019/19	Formannskapet	21.03.2019

## Interkommunal arealplan for sjøområda i Selje og Eid - oppstart og forslag til planprogram

### Bakgrunn for saka:

Selje og Eid kommunestyre vedtok høvesvis 12.09.2018 og 04.10.2018 deltaking i interkommunalt plansamarbeid for sjøområda.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Arbeidet med interkommunal arealplan for sjøområda i Selje og Eid kommunar 2019 – 2029 vert starta opp.
2. Varsel om oppstart og forslag til planprogram for interkommunal arealplan for sjøområda i Selje og Eid vert lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker, jf. plan og bygningslova § 11-13. Høyringsperioden er frå 28. mars til 2.mai 2019.
3. Rådmenna i kommunane får mynde til å peike ut medlemmer frå kvar kommune til styret for planarbeidet. Fellesnemnda vil få ei formell rolle i planarbeidet som arbeidsgruppe.

Etter møteplanen er fyrste møte i formannskapet etter høyringsfristen er ute, 13. juni.

Framdriftsplan legg opp til vedtak av planprogram i byrjinga av mai og for å halde framgangen i planprosessen ber rådmannen formannskapet om å vurdere om vedtak av planprogram kan gjerast i eit ekstraordinært formannskapsmøte (FS) seinast 8.mai.

### Vedlegg i saka:

18.03.2019	1357146_1_A	1418633
18.03.2019	1357147_1_A	1418634
18.03.2019	1357148_1_A	1418635
18.03.2019	PLANPROGRAM- interkommunal plan for sjøområda 2019 - 2025	1418636

## **Formannskapet 21.03.2019:**

### **Handsaming:**

#### **F- 019/19 Vedtak:**

1. Arbeidet med interkommunal arealplan for sjøområda i Selje og Eid kommunar 2019 – 2029 vert starta opp.
2. Varsel om oppstart og forslag til planprogram for interkommunal arealplan for sjøområda i Selje og Eid vert lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker, jf. plan og bygningslova § 11-13. Høyringsperioden er frå 28. mars til 2.mai 2019.
3. Rådmenna i kommunane får mynde til å peike ut medlemmer frå kvar kommune til styret for planarbeidet. Fellesnemnda vil få ei formell rolle i planarbeidet som arbeidsgruppe.

Etter møteplanen er fyrste møte i formannskapet etter høyringsfristen er ute, 13. juni. Framdriftsplan legg opp til vedtak av planprogram i byrjinga av mai og for å halde framgangen i planprosessen ber rådmannen formannskapet om å vurdere om vedtak av planprogram kan gjerast i eit ekstraordinært formannskapsmøte (FS) seinast 8.mai.

### **Saksopplysningar:**

Rammene for planarbeidet vert fastsett gjennom planprogrammet. Forslag til planprogram er lagt ved saka. Her er det gjort nærare greie for rammer, bakgrunn, formål, planprosess, medverknad og andre viktige problemstillingar for planarbeidet som mellom anna krav til utgreiingar. Sjå forslag til planprogram for meir utfyllande informasjon.

Krava til ein interkommunal areal plan finn vi i Plan- og bygningslova (PBL), kapittel 9 og i PBL § 11-5 om kommuneplanens arealdel. Arbeidet blir organisert som prosjekt med eit styre jf. PBL § 9-2 og arbeidsgrupper, deltakarar frå administrasjonane i Eid og Selje utgjer den administrative arbeidsgruppa og fellesnemnda den politiske arbeidsgruppa.

Jf. reglane i plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13 må oppstart av planarbeidet varslast og det må utarbeidast eit planprogram som skal leggest ut til offentleg ettersyn før endeleg vedtak.

Vedlagt finn de til orientering eit brev frå Norges miljøvernforbund, som gjeld krav dei meiner kommunane kan eller bør stille til akvakultur i plan.

### **Vurdering:**

Kommunestyra i Eid og Selje gjorde vedtak om deltaking i interkommunal plan for sjøareala i kommunane, 12.09.2018 og 04.10.2018. Det var då mål om å byrje på dette planarbeidet allereie i 2018. Rådmannen tilrår difor at det vert varsla oppstart for planarbeidet og at forslaget til planprogram vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. reglane i plan- og bygningslova

§§ 11-12 og 11-13.

Når fristen for uttale til forslag til planprogram er ute, vil rådmannen samanfatta innkomne uttaler og legge planprogrammet fram for endeleg vedtak. Deretter vil sjølve utarbeidinga av planen bli utført.

Etter møteplanen er fyrste møte i formannskapet etter høyringsfristen er ute, 13. juni.

Framdriftsplan legg opp til vedtak av planprogram i byrjinga av mai og for å halde framgangen i planprosessen ber rådmannen formannskapet om å vurdere om vedtak av planprogram kan gjerast i eit ekstraordinert formannskapsmøte (FS) seinast 8.mai 2019.

Formannskapet har fått delegert avgjerdsmynde til å gjere vedtak for overordna planlegging etter plan- og bygningslova kapittel 11, jf. delegeringsreglementa vedtekne av kommunestyret i Selje 12.09.2018 KS-072/18 og av kommunestyret i Eid 12.11.2015, KS-sak 133/1

**Økonomiske konsekvensar:**

Planarbeidet vert utført av administrasjonen i Selje og Eid innanfor tildelte rammer. Det er i tillegg sett av kr 600 000 til konsulenthjelp for arbeidet.